

INVITASJON TIL SEMINAR PÅ OLE BULL AKADEMIET PÅ VOSS

Helgen 10-12. februar 2012 blir det arrangert seminar for kordirigenter, sangpedagoger og folkesangere på Ole Bull Akademiet på Voss.

Foreleserne er blant de fremste på sine felt: Grete Pedersen, Trio Mediæval, Marit Karlberg, Henrik Ødegaard og Berit Opheim Versto.

Det blir noteutstilling hvor de største forlagene i Norge er representert, uformelle konserter og mingling.

Målet er å skape et møtested hvor kordirigentene får utviklet sin kunnskap om norsk folkemusikk og folkesangerne sin kunnskap om ensemblesang. Deler av seminaret er felles, men det blir også delte økter for dirigenter og kvedare. Henrik Ødegaard vil snakke om å arrangere/komponere for kor.

Kursavgift: 1200,- (ekskl. kost/losji, inkl. konsert med Trio Mediæval)
Studentpris: 800,- (—"— —"—)

Påmeldingsfrist: 10. januar

Påmelding på e-post, tlf. eller post til:

berit@olebull.no

Ole Bull Akademiet, tlf. 56 51 65 00

Ole Bull Akademiet
v/Berit Opheim Versto
Postboks 443
5703 Voss

Mvh
Håkon Asheim, Elisabeth Vannebo og Berit Opheim Versto

Henrik Ødegaard:

Henrik Ødegaard studerte komposisjon ved Norges Musikkhøgskole og Utrecht Conservatorium i Holland. Han er og utdanna gregoriansk korleiar frå Musikkonservatoriet i Paris. Henrik komponerer innan alle genrar med hovudvekt på vokalmusikk. Norsk folkemusikk og gregoriansk song er inspirasjonskjelder som ofte er tydeleg å høyra i verka hans. Han er ei viktig stemme i ny, norsk kormusikk og har arrangert/skrive musikk til m.a. Oslo Kammerkor.

Marit Karlberg:

Marit Karlberg er ei av dei mest særprega stemmene i norsk folkemusikk — kreativ og nyskapande samstundes som ho har ei solid stilkjensle. Ho har utvikla sin eigen spelteknikk på langeleik som ho brukar til å akkompagnere seg sjølv med. Ho har m.a. vore distriktsmusikar i Valdres, vore med i vokalgruppa Dvergmål, har hatt eit kritikarrost samarbeid med Anders Røine i mange år, og var ei av ternene i *Tryllefløyta - ein folkeopera* (regi Leif Stinnerbom).

Grete Pedersen:

Grete Pedersen er professor i dirigering og korleiing ved Norges Musikkhøgskole. Ho har vore dirigent for Det Norske Solistkor i over 20 år og starta Oslo Kammerkor i 1984 og leia det fram til 2004. Ho er ein ettertrakta gjestedirigent for ei rekkje anerkjente europeiske kor, m.a. Sveriges Radiokor, Nederlands Kammerkor og Danmarks Radios Vokalensemble. Ho har mottatt ei rekkje prisar og er ein stilskapar mht. å bruka norsk folkemusikk i korsamanheng, noko ho fekk Norges Korforbunds ærespris for i 2004.

Trio Mediæval:

Trio Mediæval er Linn Andrea Fuglseth, Torunn Østrem Ossum og Anna Maria Friman-Henriksen. Dei byrja samarbeidet i 1997, dei har reist rundt heile verda og vore på dei største scenar med sin mellomaldermusikk, folkemusikk og samtidsmusikk. Dei har gjort fleire CD-innspelingar, alle på ECM, og dei var Grammy-nominerte for CD-en *Folk Songs*. Mykje vakkert er sagt om deira song og framføring, m.a.: "Singing doesn` t get more unnervingly beautiful" (*San Francisco Chronicle*).

Berit Opheim Versto:

Berit Opheim Versto har vore ein sentral utøvar både i tradisjonell folkemusikksamanheng og i å formidla og fornya tradisjonsmusikk i nye samanhengar – både i Norge og i utlandet. Ho har samarbeidd med ei rekke musikarar og komponistar i spennet frå Per H. Indrehus, Nils Økland og Karl Seglem til Lasse Thoresen og Ragnhild Berstad. Ho medverkar på ulike cd-innspelingar, og er med i fleire ensemble og blir nytta som solist både i folk-, jazz- og samtidsmusikk-samanhengar. Opheim Versto har fått ei rekke prisar og stipend i løpet av sin karriere.

